



MØTEPROTOKOLL

Utval	Kommunestyret
Møtedato	31.08.2017
Møtestad	Kommunestyresalen , Rådhuset
Møtetid	17:00 – 21:00

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Øyvind Lernes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Erlingur Nielsson	Medlem	H
Arne Bjørnevik	Medlem	H
Marit Bakke	Medlem	H
Ingrid Koløy Eide	Medlem	H
Knut Johannes Helvik	Medlem	H
Øyvind Utne	Medlem	H
Gerd Laura Bondhus	Medlem	SP
Gunnar Våge	Medlem	SP
Stein Olav Ølvestveit	Medlem	SP
Are Traavik	Medlem	SP
Kent Are Kjørsvik Petterson	Medlem	V
Otto Benjaminson	Medlem	KRF
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Hege Lægreid Røssland	Medlem	SF
Gaute Lund	Medlem	SF
Hilde Enstad	Medlem	AP
Aksel Kloster jr	Medlem	AP
Gretha Rød	Medlem	AP
Bernth Harry Eliassen	Medlem	AP
Synnøve Solbakken	Medlem	AP
Vibeke Fredheim Røssland	Medlem	AP
Nikolai Rørdal	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP
Kai Morten Torget	Medlem	FRP
Thorleif J. Hellesøy	Medlem	FRP
Irene Nielsen Sjo	Medlem	AP
Svein Opdal	Medlem	MDG

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Lillian Åkre	MEDL	SP
Hans Inge Myrvold	V ORDF	SP
Kristin Isdal Eide	MEDL	H
Stig Håvik	MEDL	H

Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Arne Presthus	Stig Håvik	H
Per Ove Kviteberg	Kristin Isdal Eide	H
Kjetil Emmerhoff	Hans Inge Myrvold	SP
Clara Hveem	Lillian Åkre	SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Ordførar orienterte om bl.a:

- Heidra ildsjeler i kommunen; bl.a Festidalen, Halsnøyfestivalen, lokale idrettslag som har delteke på Norway Cup, landskyttarstevne, Husnes Cup.
- Ros til arbeidsgruppa for Fjelbergsambandet
- Baroniet Rosendal
- Folgefonnsenteret
- Folketalsutvikling i kommunen
- Oppstart B-hall ved Hydro Husnes
- Furebergbru – realisering
- Besøk av riksantikvar og biskop på bl.a Halsnøy Kloster
- Datasenter

Rådmann orienterte:

Oppsummerte påbegynte og planlagte prosjekt i kommunen, bl.a:

Veg:

- Opsangervegen – går etter planen
- Lundssvingane – framdrift etter planen
- Krysset på Stripo – gjennomført/ferdig.
- Kollektivknutepunkt Rosendal – under arbeid
- Felles garasje m/Trio – under arbeid
- Husnes gravplass – under utarbeiding
- Kobbekbukta – forventa oppstart desember 2017

Bygg:

- Små endringar v/Undarheim skule og Øyatun skule
- Rosendalstunet – i rute
- Husnestunet –
- Utbedring av pålegg v/brannstasjonane
- Idrettshall – politisk handsaming i oktober
- Nye Aksen – miljøkartlegging, detaljprosjektering

I tillegg informerte rådmann om nye rutinar for gjennomgang av møteprotokollar, for å sikre at alle saker og spørsmål i møter vert følgt opp.

Permisjonar:

Øyvind Lernes (H) – kom til møte ca.18:45, under behandling av sak 2017/45.

Inhabile:

2017/46 – Aksel Kloster (Ap)

Evt. endring på saksrekkefølge:

Ingen.

Tilleggssaker:

2017/49 – Ferjesamband Stord – Kvinnherad

2017/50 – TV-aksjonen 2017 – Unicef Norge

Spørsmål:

Frå Gretha Rød, Ap:

Ang. leiligheiter i Postenbygget på Husnes:

1. Kva er arealet (bruksarealet) for leiligheitene?
2. Kor mykje kjøpte kommunen leiligheitane for? Kor mykje av denne summem er finansiert av andre kjelder (t.d. Husbanken) enn kommunen?
3. Kva er planen vidare med leiligheitene? Skal dei seljast eller leigast ut? Til kva prisar og til kven?

Ordførar svara:

1. Bruksarealet på leiligheitene er som følgjer:

- a. Leiligheit 1: 56,8 m²
- b. Leiligheit 2: 56,8 m²
- c. Leiligheit 3: 58,3 m²
- d. Leiligheit 4: 66,0 m²
- e. Leiligheit 5: 50,6 m²
- f. Leiligheit 6: 50,6 m²
- g. Leiligheit 7: 50,6 m²
- h. Leiligheit 8: 53,3 m²

2. Samla kjøpesum for 8 leiligheiter er NOK 11.859.000,- . Kjøpesummen er finansiert over investeringsbudsjettet (Bustadpakken). Det er søkt om tilskot frå Husbanken i høve til tilskot

til kommunale utleigebustadar. Dette beløpet vil beløpa seg til 1.858.000 for alle 8 leilegheitene.

3. Planen med leilegheitene er å lysa dei ut for sal, evt leggja til rette for Leige-til-Eige. Det er sett igong eit arbeid på å utarbeida eit sals-prospekt for leilegheitene, og ein har motteke førspurnadar frå interessantar om kjøp av leilegheit. I desse tilfella vil Husbanktilskotet ein får måtte betalast tilbake for dei einingane som vert selt.

Kommunen har og sjølv behov for mindre utleige-bustadar i høve til einslege flyktningar og andre som kjem i ein vanskeleg situasjon.

Kommunen har og behov for å kunna tilby leilegheiter til tilsette i ein rekrutteringssituasjon. Det vil ein få mogelegheit for no.

Utsalsprisen pr leilegheit er ikkje fastsett, men salgsprisen vil væra på ca 1.500.000 pr leilegheit. Felleskostnadar er berekna til ca 1.000,- pr månad.

Frå Øyvind Utne, H:

Gjeld trafikknutepunkt i Rosendal.

1. Vil det i framtida også vera mulig å ta imot båtlaster for private og næringslivet, eller blir kaien stengt for kjøretøy med ein park av trær og benkar?
2. Blir kaiområdet tilrettelagt med parkeringsplasser for rullestolbrukara?

Ordførar svara:

1. Kaia vert tilrettelagt slik at den om nødvendig kan nyttast. Dette ved at utsmykking og benkar kan nyttast. Dette grunna at det i Skålagato er tilgang til god kai samt at kommunal kai i Omvikdalen/Dimmelsvik er godt egna til dette.
2. Ja, det vert lagt til rette for parkering for funksjonshemma.

Frå Erlingur Nielsson, H:

Kan innkjøp av ein uniformert bil for legevakta i Kvinnherad, naudsynt utstyr og kler for helsepersonell få plass i økonomiplanen / budsjett for 2018?

Bør ikkje Kvinnherad kommune oppfylle krav i forskrifter om kommunal legevaktordning og på den måten signalisere overfor våre innbyggjarar at vi tek deira sikkerheit på største alvor?

Ordførar svara:

Dette er ei viktig sak, og er eining i at vi må ta vårt ansvar her.

Ordførar kan ikkje åleine avgjera dette, det er det kommunestyret som må ta stilling til.

Vil be rådmannen jobba fram eit forslag til budsjetthandsaming seinare i år, eventuelt kan partia legge det inn i sine budsjettforslag.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/44	Godkjenning av møteprotokoll
PS 2017/45	Økonomiplan 2018-2021
PS 2017/46	Fritak frå politiske verv - Aksel Kloster
PS 2017/47	Inndraging av skjenkeløyve - Påfyll Snikkeriet AS

PS 2017/48 Interne retningslinjer for habilitet i saker der det ligg føre forhold eigna til å svekka tillit.

PS 2017/49 Ferjesamband Stord - Kvinnherad

PS 2017/50 TV - aksjonen 2017 - Unicef Norge

PS 2017/44 Godkjenning av møteprotokoll Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

Samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

Møteprotokoll frå kommunestyret 22.6.2017 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 2017/45 Økonomiplan 2018-2021

Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

FRAMSETT FORSLAG FRÅ H OG SP:

<http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=415888&documentId=524757>

FRAMSETT FORSLAG FRÅ AP:

<http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=415873&documentId=524736>

FRAMSETTE TILLEGGSPUNKT FRÅ:

H, MDG, SP OG FRP:

Det skal veljast 4 politikarar av kommunestyret som saman med representant frå administrasjonen skal laga retningslinjer for bruk av midlane avsett i prosjekt 54 eigedom (9.mill).

Framlegg til retningslinjer skal leggast fram for kommunestyret for godkjenning innan 01.12.2017.

Hege Lægreid Røssland (SF):

Tidleg innsats skal prioriterast for Barn – unge.

- Barnevern må styrkast for å arbeida, følgja opp barn og familiar som treng ekstra innsats frå det offentlege.
- Barnehagar må ha ei forsvarleg bemanning for å oppdaga og støtta barn som har trong og krav på tiltak.

AP:

1.2 Framlegg til prioritering

Lærlingar

- Nå målet om at Kvinnherad kommune skal ha 2 lærlingar pr.1000 innbyggjarar innan 2019.
- Ha lærlingar i alle sektorar.

Ungdom utan arbeid

- Vere guide i samarbeid med NAV, KVV og andre for å hjelpe ungdom som står utan skuleplass, lærlingeplass eller jobb å komme i gong med aktivitet.
- Søke aktivitetsmidlar frå fylkeskommunen.

OVERSENDINGSFORSLAG:

SF:

Kommunestyret prioriterer næringsutvikling knytta til kommunen sine naturgjevne føremoner og menneskeleg kompetanse og bevilgar kr.1 million til plan og tiltak for betre samordning av aktivitetar og verksemder knytt til naturopplevingar, kultur og turisme dei neste 3 åra 2018-2020 på investeringsbudsjettet til «Andre prosjekt».

Gretha Rød (Ap):

1.2 Framlegg til prioritering

Næringsutvikling og arbeidsplasser

Administrasjonen legg fram ein overordna plan for næringsutvikling og for å skape og styrke arbeidsplassar i kommunen. Den kan m.a. innehalda:

- Samarbeidsmodell mellom kommune, næringssservice og næringsliv.
- Val og kjøp av areal som skal utviklast til industriområder med all nødvendig infrastruktur.
- Markedsføring av industriområder for potensielle bedrifter i- og utanfor kommunen.
- Utarbeiding av strategisk plan saman med næringslivet for å marknadsføre kommunen innan turisme og næring.
- Presentasjon av agenda for drøfting av næringsutvikling i politiske fora fleire gonger i året.

FRÅ H, SP OG MDG:

Det vert sett av 10 mill. til kjøken Rosendalstunet 2019.

FRÅ MDG:

59 – andre prosjekt

«Kommunestyret opprettar eit fond på 2 mill.kr til utvikling av grønne løysingar på kommunale bygg som t.d solceller, varmegjenvinning og liknande.»

FRÅ FRP:

Kvinnherad kommunestyre ynskjer å leggja forholda betre til rette for utvikling av bustader og ny næringsutvikling i kommunen. Ein vil be administrasjonen utreda og koma med forslag til følgjande endringar i gebyrstrukturen:

1. Reduksjon i gebyret for reguleringsplanar.
2. Reduksjonar i tilknytningsavgifta for nye bygg.
I samsvar med sjølvkostprinsippet vil dette påverke andre gebyrsatsar.
3. Ei dreining av årsgebyr der fastleddet blir mindre vekta og m³–avgifta som abonnentane kan påverka gjennom forbruk får auka vektning.

Kvinnherad kommunestyre ynskjer ei utgreiing av eit kommunalt utbyggingsselskap for nye byggjefelt og tomteutvikling i Kvinnherad.

RØYSTING:

Formannskapet si innstilling vart sett opp mot nye framsette forslag frå Ap, H/Sp.

Nye forslag vart vedteke med 34 mot 1 stemme (MDG).

Nye framsette forslag vart alle samrøystes vedteke.

Rådmannen presiserer:

Rådmann før utset at økonomiplanen vert godkjent slik den ligg føre (punkt 1 i innstillinga) og investeringsbudsjettet med dei endringar som er sett fram og vedtekne.

Det som skal inn som nye punkt i økonomiplanen er:

- Tidleg innsats skal prioriterast for barn – unge

- Framlegg til prioriteringar, ang. lærlingar og ungdom utan arbeid.

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

1. Vedlagte Økonomiplan for 2018-2021 vert vedteken, og investeringsbudsjettet med dei endringar som er lagt fram:

<http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=415888&documentId=524757>

I tillegg vart desse tilleggspunkta vedtekne:

- *Det skal veljast 4 politikarar av kommunestyret som saman med representant frå administrasjonen skal laga retningslinjer for bruk av midlane avsett i prosjekt 54 eigeendom (9.mill).
Framlegg til retningslinjer skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning innan 01.12.2017.*
- *Tidleg innsats skal prioriterast for Barn – unge.*
 - *Barnevern må styrkast for å arbeida, følgja opp barn og familiar som treng ekstra innsats frå det offentlege.*
 - *Barnehagar må ha ei forsvarleg bemanning for å oppdaga og støtta barn som har trong og krav på tiltak.*
- *1.2 Framlegg til prioritering*
 - Lærlingar*
 - *Nå målet om at Kvinnherad kommune skal ha 2 lærlingar pr.1000 innbyggjarar innan 2019.*
 - *Ha lærlingar i alle sektorar.*
 - Ungdom utan arbeid*
 - *Vere guide i samarbeid med NAV, KVV og andre for å hjelpe ungdom som står utan skuleplass, lærlingeplass eller jobb å komme i gong med aktivitet.*
 - *Søke aktivitetsmidlar frå fylkeskommunen.*

PS 2017/46 Fritak frå politiske verv - Aksel Kloster

Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ AP:

Forvaltningskomiteen:

Nytt medlem for Ap vert Monika Lindseth

Ny 1.vara – Wivian Iren Markhus

Ny 3.vara – Svein Røyrvik

Formannskapet:

Nytt varamedlem for Ap vert Irene Nielsen-Sjo

Styret for næringsfondet:

Nytt varamedlem for Ap vert Irene Nielsen-Sjo

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:
Nytt varamedlem for Ap vert Jon Inge Brendeland

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

Søknad frå Aksel Kloster om fritak frå politiske verv frå 01.01.2018 og resten av valperioden vert imøtekommen.

Kommunestyret: Roger Røssland (Ap) går inn som fast medlem i kommunestyret.
Valstyret går gjennom valoppgjeret for å supplere varamannslista.

Forvaltningskomiteen:

Nytt medlem for Ap vert Monika Lindseth.

Ny 1.vara – Wivian Iren Markhus

Ny 3.vara – Svein Røyrvik

Formannskapet:

Nytt varamedlem for Ap vert Irene Nielsen Sjo.

Styret for næringsfondet:

Nytt varamedlem for Ap vert Irene Nielsen Sjo.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Nytt varamedlem for Ap vert Jon Inge Brendeland.

PS 2017/47 Inndraging av skjenkeløyve - Påfyll Snikkeriet AS

Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

Kommunestyret vedtek å inndra skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikke for Påfyll Snikkeriet AS, ei veke frå 28.09.2017.

PS 2017/48 Interne retningsliner for habilitet i saker der det ligg føre forhold eigna til å svekka tillit.

Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

Dei politiske partia blir oppmoda til å gå gjennom: Reglement for dei politiske organa i Kvinnherad kommune årleg.

PS 2017/49 Ferjesamband Stord - Kvinnherad

Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

FRAMSETT FORSLAG TIL REPRESENTANTAR I PKT.5:

Kvinnherad kommunestyre utpeikar 3 politikarar til ein evt. planprosess:

1. Ordførar
2. Hilde Enstad, Ap
3. Otto Benjaminson, Krf.

Røysting: Rådmannen si innstilling, og framsette forslag til representantar i pkt.5, vart samrøystes vedteken.

Oversendingsforslag frå Gaute Lund, SF:

1. Ein eventuell planprosess må også ta med alternativ som blir tilgjengelege når bompengerperioden er over for Halsnøytunnellen.
2. Ein eventuell planprosess bør ta omsyn til den totale reisetida mellom regionsentra Husnes og Leirvik.

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

Rådmannen rår Kvinnherad kommunestyre til å gjere slikt vedtak:

1. ***Kvinnherad kommunestyre tek forprosjekt for ferjestø Djuvavikneset til vitande, og konstaterer at dette ikkje let seg gjennomføre.***
2. ***Kvinnherad kommunestyret meiner at vidare arbeid med ny løysing for ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord (Ranavik – Skjersholmane) er viktig og må prioriterast.***
3. ***Kvinnherad kommunestyre ønskjer ein vidare planprosess der både Regional plan eller Interkommunal plan er aktuelle. Rådmannen får fullmakt til å gå i dialog med administrativt nivå i Stord og i Hordaland fylkeskommune, for å utarbeide eit framlegg til planprosess som vert å legge fram for politisk handsaming så raskt som råd.***
4. ***Kvinnherad kommunestyret bed om å bli orientert om framdrift i kvart kommunestyremøte inn til anna vert vedteke.***
5. ***Kvinnherad kommune utpeikar:***
 1. ***Ordførar***
 2. ***Hilde Enstad, Ap***
 3. ***Otto Benjaminson, Krf******som representantar for Kvinnherad kommune i ein eventuell planprosess.***

PS 2017/50 TV - aksjonen 2017 - Unicef Norge

Behandling i Kommunestyret den 31.08.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 31.08.2017

Kommunestyret løyver kr.2,- pr. innbyggjar til TV-aksjonen 2017 til inntekt for Unicef.